Referat FAU Foldnes skule

Dato:	**02.11.2026**	**Referent:**	Hallvar
Sted:	**Foldnes skule**		

	Disse er innkalt:	**Møtt**	**Forfall**
1.	Line(1A)	X	
2.	Katrine(1B)	X	
3.	Hallvar (2A)	X	
4.	Casper(2B)	X	
5.	Stine(3A)	X (vara)	
6.	Hanne (3B)	X	
7.	Kristine (4trinn)		X
8.	Morten(5A)	X	
9.	Caroline(5B)	X	
10.	Nils (6A)	X	
11.	Maria (6B)	X	
12.	Marie (7A)		X
13.	Laurice (7B)	X	

Sak		**Ansvarlig**	**Frist**
1	**Rektor informerer** Rektor er nytilsett og fortalde litt om seg sjølv og korleis dei første vekene ved skulen har vore. Rektor orienterte deretter om det som skjer ved skulen. Elevrådet har delteke i prosjektet «Snill er kult». Skuleløpet, som var ein suksess. På førstkomande fredag er det planleggingsdag for skule og SFO. Dei tilsette vil gå gjennom tema relatert til vald og truslar denne dagen. Tagging som vart gjort på skulen i helga var fjerna i løpet av måndagen. Den har også blitt tatt opp i klassane. Tagging med liknande bodskap har blitt observert andre stader i regionen. Forholdet er politimeldt. Foldnes skule er 50 år og i den forbindelse skal det planleggjast ei markering. Rektor kjem tilbake med meir informasjon.		

2	**Trafikkaksjon** FAU vil invitere politiet til å gjennomføre ein kontroll ved skulen ein morgon. FAU vil be om at den også omfattar bruk av el-sparkesyklar og syklar, med tanke på oppførsel, lys og hjelmbruk.		
3	**Refleksaksjon** FAU etterlyser refleksvestar til bruk i årets refleksaksjon. Det byrjar å bli mørkt om morgonen og denne bør kome i gang snart. Rektor delte erfaringar frå den førre skulen sin og det blei drøfta korleis aksjonen kan gjennomførast på ein god og handterbar måte, særleg når det gjeld registrering av refleksbruk for klassevis premiering. Rektor vil be lærarane om innspel for å gjere dette så enkelt som mogeleg.		
4	**Juletrefest** FAU vil legge opp til eit lågterskelarrangement som ikkje er avhengig av at lærarane deltek. Planen er ei felles samling i gymsalen, etterfølgd av klassevise aktivitetar i klasseromma. Det er ønskjeleg å låne gymsalen 15.–17. desember: • 1.–2. trinn: tysdag, kl. 17–18 og 18–19 • 3.–4. trinn: onsdag, kl. 17–18 og 18–19 • 5.–7. trinn: torsdag, kl. 17–18, 18–19, 19-20 Laurice avklarar lån av lokale med skulen. Caroline, Line og Katrine utgjer arrangementskomitéen. FAU kjøper nytt juletre. Budsjettet er kr 7 000. Offisiell informasjon om tidspunkt blir send ut når skulen har stadfesta at lokala kan nyttast. Meir detaljert informasjon kjem deretter.		
5	**Mat og helse – Foldnes skule** Det blei stilt spørsmål ved om elevane ved Foldnes skule har færre timar i mat og helse enn elevar ved andre skular i regionen. Rektor undersøker dette.		
6	**SFO** Det blei reist spørsmål om mattilbodet ved SFO, særleg på tysdagar og torsdagar når det		

	er smørjelunsj, og om kva som skjer når barn gløymer mat. Ved Foldnes skule får barna mat dersom dei har gløymt nista. Deling av mat mellom barna er ikkje ønskjeleg, mellom anna av omsyn til allergiar. FAU følgjer opp med skulen og avklarar gjeldande praksis. Ingen barn skal måtte gå svoltne.		
7	**Skulekatalog** Skulekatalogen kan kjøpast i trykt utgåve for kr 60. Digital utgåve er gratis. Den er førebels ikkje gjort tilgjengeleg.		
	Eventuelt Det blei drøfta om foreldrekontaktane bør få ei betre innføring i rolla, slik at oppgåver og forventningar blir tydelegare.		

Neste møte	07.12.2026